
Fra: Rune Ones <Ones@ngir.no>
Sendt: fredag 24. november 2017 13:07
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Bjørn Berg; Erlend Kleiveland; 'Hogne Høysæter'
Emne: NGIR Søknad om førehandskonferanse
Vedlegg: C001.pdf; H001.pdf; Orientering arbeid NGIR.PDF

Til
Plan, byggesak og eigedom

NGIR søker med dette om å få avtale om førehandskonferanse med «byggesak» i samband med bygging av reinseanlegg for sivevatn frå deponiet i Kjevikdalen. NGIR har pålegg frå Fylkesmannen i Hordaland om å etablera reinsing av sivevatnet, og har i ei årrekke arbeidd med grunnverv for å få realisert planane. I samband med arbeidet er det og utarbeidd ny reguleringsplan for området. NGIR har krav om 30 års etterdrift av deponiet (frå den dag det vert avslutta), og har difor vore nøyde til å tenka langsiktig i planlegging og utforming av reinseanlegget. Ein har mellom anna måtta plassera sedimenteringsbasseng på fylling i Kjevika grunna utstrekning av gamal fylling og fallforhold. Legg her ved planteikning (C001), situasjonsplan (H001) samt kopi av innleiande tekst i anbudsgrunnlaget. Denne skildrar arbeidet sitt omfang.

NGIR er godkjent mottak for sanering av fritidsbåtar. Det er kostbart (og ofte vanskeleg) å frakte større båtar etter vegen og NGIR ser det som eit godt bidrag til auka sanering at det kan leverast båtar frå Nordhordland sjøvegen til anlegget. Det er difor naturleg at NGIR i samband med planlagt utfylling i Kjevika har ynskje om (og har planlagt) å etablera eit enkelt båtopptrekk i fyllingsfronten i Kjevika for å kunna ta opp båtar til miljøsanering. (Lagring og miljøsanering førgår oppe på anlegget!)

Rådgjevar for prosjektet er COWI AS, Sandvenvegen 40, 5600 NORHEIMSUND, Kontaktperson: Hogne Høysæter, telefon: 950 85 656, e-post: hhoy@cowi.no
Hogne Høysæter vil møte til førehandskonferanse saman med underteikna.

Med venleg helsing

*Rune Ones
Seniorrådgjevar*



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin

Tlf. 56 34 33 15 / 97 541 51 91 62